



DET KONGELEGE
JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENT

Ot.prp. nr. 18

(2007–2008)

Om lov om endringer i inkassolova (godkjenning av kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat m.m.)

*Tilråding frå Justis- og politidepartementet av 14. desember 2007,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Stoltenberg II)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

Justisdepartementet gjer i proposisjonen framlegg om endringar i lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndrivning av forfalte pengekrav (inkassoloven).

Framlegget går ut på at inkassolova § 5 om vilkår for inkassoløyve blir endra for søkjarar frå EØS-området med kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat. Forslaget omfattar berre løyve til å drive inn pengekrav for andre, såkalla framandinkasso, jf. inkassolova § 5 første og andre ledd. Eit vilkår for slikt inkassoløyve er at søkjaren må ha minst tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav i løpet av dei siste ti åra. Forslaget går ut på at det blir gjort unntak frå dette kravet for søkjarar som nemnt. Føresetnaden for at praksiskravet ikkje skal gjelde, er at søkjaren kan dokumentere inkassokvalifikasjonar frå ein annan EØS-stat som nemnt i direktiv 2005/36/EF artikkel 13.

Framlegget inneber i tillegg at det blir gitt ein forskriftsheimel til å fastsetje at unntak som nemnt gjeld tilsvarende for borgarar frå statar utanfor EØS og for søkjarar som har kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS. Bakgrunnen for forslaget er omsynet til EØS-retten.

Framlegget går vidare ut på at det i inkassolova § 4 om vilkår for å drive inkassoverksemd blir gitt ein heimel for å gi forskrifter om mellombels utøving av inkassoverksemd i Noreg. Bakgrunnen for forslaget er også her omsynet til EØS-retten.

2 Bakgrunnen for lovframlegga og høyringa

Rådsdirektiv 92/51/EØF har reglar om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar frå EØS. Direktivet er no erstatta av europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar. Fristen for gjennomføring av det nye direktivet i norsk rett var 20. oktober 2007.

Justisdepartementet har mellom anna på bakgrunn av kontakt med EFTAs overvaksningsorgan (ESA) gjort ei nærmare vurdering av forholdet mellom reglane i inkassolova om inkassoløyve og rådsdirektiv 92/51/EØF. Justisdepartementet har samstundes vurdert forholdet til etableringsreglane i europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF.

Justisdepartementet har også vurdert forholdet mellom reglane i inkassolova om vilkår for å drive inkassoverksemd og reglane om fridom til å tilby teneste i parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF. Departementet konkluderte med at det kan vere grunn til å foreslå enkelte endringar i inkassolova § 4 og § 5.

Med dette som bakgrunn sende Justisdepartementet 2. april 2007 ut eit høyringsnotat om endringar i inkassolova. I høyringsnotatet foreslo departementet endringar i inkassolova §§ 4 og 5 av omsyn til EØS-retten. Høyringsbrevet vart sendt til følgjande 43 instansar:
Barne- og likestillingsdepartementet

Finansdepartementet
 Fornying- og administrasjonsdepartementet
 Kunnskapsdepartementet
 Nærings- og handelsdepartementet
 Utanriksdepartementet
 Datatilsynet
 Forbrukarombodet
 Forbrukarrådet
 Kredittilsynet
 Noregs Bank
 Regjeringsadvokaten
 Statens innkrevjingssentral
 Stortingets ombodsmann for forvaltninga
 ØKOKRIM
 Bankklagenemnda
 Bedriftsforbundet
 Debitorforeninga
 Den Norske Advokatforening
 Den norske Dommerforening
 Den norske Revisorforening
 Finansforbundet
 Finansieringsselskapenes Forening
 Finansnæringens Hovedorganisasjon
 Gjeldsoffer-Alliansen
 Handels- og Servicenæringens Hovedorganisasjon
 Inkassoklagenemnda
 Juridisk rådgivning for kvinner
 Juss-Buss
 Juss Hjelpa i Nord-Norge
 KrediNor
 Landsorganisasjonen i Norge
 Lindorff AS
 Nordenfjeldske Creditreform AS
 Norges Autoriserte Regnskapsføreres Forening
 Norges Kreditorforbund
 Norsk Egeninkassoforening
 Norske Inkassobyråers Forening
 Norske Kredittopplysningsbyråers Forening
 Næringslivets Hovedorganisasjon
 PayEx
 Regional støtte for behandling av gjeldsordnings-
 saker
 Sparebankforeninga i Norge

Høyringsfristen vart sett til 4. juni 2007. Følgjande 17 instansar har svart:

Barne- og likestillingsdepartementet
 Finansdepartementet
 Fornying- og administrasjonsdepartementet
 Kunnskapsdepartementet
 Nærings- og handelsdepartementet
 Utanriksdepartementet
 Datatilsynet

Noregs Bank
 Regjeringsadvokaten
 Statens innkrevjingssentral
 Bedriftsforbundet
 Den Norske Advokatforening
 Den norske Revisorforening
 Finansnæringens Hovedorganisasjon
 Landsorganisasjonen i Norge
 Norsk Egeninkassoforening
 Næringslivets Hovedorganisasjon

Av desse har følgjande 13 instansar gitt uttrykk for at dei ikkje har merknader: *Finansdepartementet, Fornying- og administrasjonsdepartementet, Nærings- og handelsdepartementet, Utanriksdepartementet, Datatilsynet, Noregs Bank, Regjeringsadvokaten, Statens innkrevjingssentral, Bedriftsforbundet, Den norske Revisorforening, Finansnæringens Hovedorganisasjon, Landsorganisasjonen i Norge og Næringslivets Hovedorganisasjon.*

Fire instansar uttalte seg om realiteten i forslaga. Av desse synest ingen å gå imot forslaga, men enkelte hadde kommentarar til utforminga av desse. Det vil bli gjort nærmare greie for synspunkta til høyringsinstansane nedanfor i tilknytning til forslaga.

3 Godkjenning av kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat m.m.

3.1 Gjeldande rett

Vilkåra for å få inkassoløyve følgjer av inkassolova § 5. Føreseigna skil mellom løyve til framandinkasso og løyve til oppkjøpsinkasso. Vilkåra for å få løyve til framandinkasso følgjer av § 5 første og andre ledd. Eitt av vilkåra for personleg inkassoløyve etter § 5 andre ledd er at den som faktisk leiar inkassoverksemda, godtgjer å ha minst tre års praktisk erfaring med inn driving av pengekrav i løpet av dei siste ti åra, sjå § 5 andre ledd andre punktum og første ledd bokstav a. Bakgrunnen for praksiskravet er eit ønske om å sikre at den som skal stå for den faktiske leiinga av inkassoverksemda, har eit minimum av faglege kvalifikasjonar, jf. Ot.prp. nr. 2 (1987–88) side 37 og 38. Kravet om tre års praktisk erfaring med inn driving av pengekrav gjeld utan omsyn til om søkjaren har inkassokvalifikasjonar frå andre EØS-statar. Kravet gjeld ikkje for løyve til stadig og ervervsmessig å drive oppkjøp og inn driving av forfalne pengekrav for eiga rekning (oppkjøpsinkasso).

3.2 Forslaget i høyringsnotatet

I høyringsnotatet vurderte Justisdepartementet forholdet mellom reglane i inkassolova om inkassoløve og rådsdirektiv 92/51/EØF som endra ved europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/19/EF.

Rådsdirektiv 92/51/EØF har reglar om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar frå EØS. Artikkel 8 i direktivet lyder slik:

«Når adgangen til eller utøvelsen av et yrke i en vertsstat forutsetter at utøveren er i besittelse av et kompetansebevis, kan vedkommende myndighet, under henvisning til manglende kvalifikasjoner, ikke nekte en statsborger i en medlemsstat adgang til eller utøvelse av dette yrket på samme vilkår som vertsstatens egne borgere:

- a) dersom søkeren er i besittelse av det kompetansebevis som kreves i en annen medlemsstat for adgang til eller utøvelse av det samme yrke på dens territorium, og dette bevis ble utstedt i en medlemsstat, eller
- b) dersom søkeren kan dokumentere kvalifikasjoner han har tilegnet seg i andre medlemsstater, og som særlig med hensyn til helse, sikkerhet, miljøvern og forbrukervern gir den samme sikkerhet som kreves ifølge vertsstatens lover og forskrifter.

Dersom søkeren ikke kan fremlegge et slikt bevis eller dokumentere slike kvalifikasjoner, skal vertsstatens lover og forskrifter komme til anvendelse.»

Dersom utøvinga av ei regulert verksemd i vertsstaten føreset at det ligg føre eit kompetansebevis, kan altså ikkje vertstaten – under tilvising til manglande yrkeskvalifikasjonar – nekte ein søkjar frå ein EØS-stat å utøve den aktuelle verksemda dersom søkjaren dokumenterer yrkeskvalifikasjonar frå ein annan EØS-stat og stiller garantiar i samsvar med føresegnene i direktivet.

Ein føresetnad for at direktivet skal gjelde for inkassoverksemd i Noreg, er at slik verksemd er regulert verksemd etter direktivet, og at utøvinga avheng av at det ligg føre kompetansebevis etter direktivet. Regulert verksemd er definert i artikkel 1 bokstav f:

- «f) lovregulert yrkesvirksomhet, yrkesvirksomhet der adgang eller utøvelse, eller en form for utøvelse i en medlemsstat, direkte eller indirekte ved lover og forskrifter er betinget av at vedkommende er innehaver av et utdanningsbevis eller et kompetansebevis. [...]»

Kompetansebevis er definert i artikkel 1 bokstav c:

«c) kompetansebevis, ethvert kvalifikasjonsbevis:

- som bekrefter en utdanning som ikke inngår i en helhet som gir rett til utstedelse av et diplom i henhold til direktiv 89/48/EØF eller til et diplom eller eksamensbevis i henhold til dette direktiv, eller
- som er utstedt på grunnlag av en vurdering av personlige egenskaper, ferdigheter og kunnskaper som vedkommende myndighet, utpekt i samsvar med en medlemsstats lover og forskrifter, anser for meget viktige i utøvelsen av et yrke, uten at det er nødvendig med noe bevis på forutgående utdanning.»

Departementet la i høyringsnotatet til grunn at Noreg har plikt til å godkjenne inkassokvalifikasjonar frå andre EØS-statar i samsvar med rådsdirektiv 92/51/EØF:

«EFTAs overvåkingsorgan (ESA) har reist spørsmål om forholdet mellom reglane i inkassolova om inkassoløve og rådsdirektiv 92/51/EØF. ESA deler Justisdepartementets oppfatning om at løve til å drive oppkjøp og inndrivning av forfalne pengekrav for eiga rekning etter inkassolova § 5 tredje ledd ikkje er omfatta av rådsdirektiv 92/51/EØF. Rådsdirektiv 92/51/EØF medfører derfor ikkje behov for å endre reglane for oppkjøpsinkasso.

Spørsmålet er så om løve til å drive framan-dinkasso etter inkassolova § 5 første og andre ledd er omfatta av rådsdirektiv 92/51/EØF. I den samanhengen har ESA stilt spørsmål om kravet om minst tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav er i samsvar med direktivet, sjå inkassolova § 5 andre ledd andre punktum andre alternativ og første ledd bokstav a.

Justisdepartementet har på bakgrunn av kontakten med ESA vurdert forholdet mellom reglane i inkassolova om framandinkasso og rådsdirektiv 92/51/EØF. Departementet har kome til at løve til å drive inn pengekrav for andre fell inn under rådsdirektiv 92/51/EØF, jf. direktivet artikkel 8 og artikkel 1 bokstav c og f. Departementet viser til at utferding av inkassoløve inneber ein offentlig autorisasjon til å drive inkassoverksemd i Noreg. Ettersom løve til å drive inn pengekrav for andre føreset at den faktiske leiaren av inkassoverksemda har tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav, går departementet ut frå at denne typen inkassoløve er kompetansebevis etter direktivet, jf. artikkel 8 og artikkel 1 bokstav c andre alternativ. Følgeleg reknar departementet framandinkasso som ei regulert verksemd

etter direktivet, jf. artikkel 8 og artikkel 1 bokstav f.

Justisdepartementet legg etter dette til grunn at Noreg har plikt til å godkjenne inkassokvalifikasjonar frå andre EØS-statar i samsvar med rådsdirektiv 92/51/EØF artikkel 8. Dette inneber at ein utanlandsk EØS-statsborgar ikkje kan nektast norsk inkassoløyve under tilvising til manglande yrkeskvalifikasjonar, dersom søkjaren dokumenterer yrkeskvalifikasjonar og stiller garantiar i samsvar med artikkel 8 i direktivet. Kravet om minst tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav kan på denne bakgrunn ikkje oppretthaldast overfor utanlandske EØS-statsborgarar.»

Justisdepartementet vurderte også forholdet mellom reglane i inkassolova og europaparlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF om godkjenning av yrkeskvalifikasjonar. Dette direktivet erstattar dei tidlegare yrkeskvalifikasjonsdirektiva, medrekna rådsdirektiv 92/51/EØF. Artikkel 13 i direktivet lyder slik:

«Vilkår for godkjenning

1. Dersom adgang til eller utøvelse av et lovregulert yrke i en vertsstat er betinget av at utøveren innehar særlige yrkeskvalifikasjoner, skal vedkommende myndighet i vedkommende medlemsstat tillate adgang til og utøvelse av dette yrket, under de samme vilkår som gjelder for medlemsstatens borgere, for søkere som innehar kompetanseattest eller kvalifikasjonsbevis som kreves av en annen medlemsstat for å få adgang til og kunne utøve nevnte yrke på vedkommende medlemsstats territorium.

Kompetanseattest eller kvalifikasjonsbevis skal oppfylle følgende vilkår:

- a) De skal være utstedt av vedkommende myndighet i en medlemsstat, utpekt i samsvar med lov- eller forskriftsbestemmelser i vedkommende medlemsstat.
 - b) De skal bevitne et nivå av yrkeskvalifikasjoner som minst tilsvarer nivået umiddelbart under det nivået som kreves i vertsstaten, slik det er beskrevet i artikkel 11.
2. Adgang til og utøvelse av yrket, slik det er beskrevet i nr. 1, skal også gis til søkere som har utøvd det yrket det som er nevnt til i nevnte nummer på heltid i to år i løpet av de foregående ti årene i en annen medlemsstat som ikke lovregulerer det aktuelle yrket, forutsatt at de innehar en eller flere kompetanseattester eller kan dokumentere kvalifikasjonsbevis.

Kompetanseattester og kvalifikasjonsbevis skal oppfylle følgende vilkår:

- a) De skal være utstedt av vedkommende myndighet i en medlemsstat, utpekt i samsvar med lov- eller forskriftsbestemmelser i vedkommende medlemsstat.
- b) De skal bevitne et nivå av yrkeskvalifikasjoner som minst tilsvarer nivået umiddelbart under det nivået som kreves i vertsstaten, slik det er beskrevet i artikkel 11.
- c) De skal bevitne at innehaveren er forberedt til å utøve det aktuelle yrket.

De to årene med yrkeserfaring som nevnt i første ledd kan imidlertid ikke kreves dersom kvalifikasjonsbeviset som søkeren innehar, bevitner lovregulert utdanning og opplæring i betydningen til artikkel 3 nr. 1 bokstav e) på de kvalifikasjonsnivåer som er beskrevet i artikkel 11 bokstav b), c), d) eller e). Den lovregulerte utdanningen og opplæringen på listen i vedlegg III skal anses som slik lovregulert utdanning og opplæring på det nivå som er beskrevet i artikkel 11 bokstav c). Listen i vedlegg III kan endres i samsvar med framgangsmåten nevnt i artikkel 58 nr. 2 for å ta hensyn til lovregulert utdanning og opplæring som gir en sammenlignbar yrkesmessig standard og som forbereder utøveren til et sammenlignbart nivå med hensyn til ansvar og funksjoner.

3. Som unntak fra nr. 1 bokstav b) og nr. 2 bokstav b) skal vertsstaten tillate adgang til og utøvelse av et lovregulert yrke der adgang til dette yrket på vertsstatens territorium er betinget av at utøveren innehar en kvalifikasjon som bevitner bestått høyere utdanning eller universitetsutdanning av minst fire års varighet, og der søkeren innehar en kvalifikasjon som nevnt i artikkel 11 bokstav c).»

Også etter det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet er systemet at der utøving av ei regulert verksemd i vertsstaten føreset at det ligg føre bestemte profesjonelle kvalifikasjonar, må vertsstaten tillate søkjarar frå EØS-statar å utøve den aktuelle verksemda dersom dei dokumenterer yrkeskvalifikasjonar som nemnt i direktivet artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2 frå ein annan EØS-stat.

Ein føresetnad for at det nye direktivet skal gjelde for inkassoverksemd i Noreg, er at slik verksemd er regulert etter direktivet og at utøvinga avheng av at det ligg føre profesjonelle kvalifikasjonar etter direktivet.

Regulert verksemd er definert i artikkel 3 bokstav a:

- «a) «lovregulert yrke», en yrkesvirksomhet eller gruppe av yrkesvirksomheter, der adgang til yrket, utøvelse av yrket eller en eller flere av formene for utøvelse av yrket er underlagt, direkte eller indirekte i henhold til lover eller forskrifter, et krav om besittelse av særlige yrkeskvalifikasjoner; særlig bruk av en yrkestittel som er begrenset av lover eller forskrifter til innehavere av en gitt faglig kvalifikasjon, utgjør en form for utøvelse. [...]»

Profesjonelle kvalifikasjoner er definert i artikkel 3 bokstav b:

- «b) «yrkeskvalifikasjoner», kvalifikasjoner bevitnet med kvalifikasjonsbevis, en kompetanseattest som nevnt i artikkel 11, bokstav a) i), og/eller yrkeserfaring.»

Dei kompetansebevisa som er omhandla i artikkel 11 bokstav a (i), er skildra slik:

- «a) En kompetanseattest utstedt av vedkommende myndighet i hjemstaten utpekt i henhold til lov- eller forskriftsbestemmelser i vedkommende medlemsstat, på grunnlag av
- i. enten et opplæringskurs som ikke utgjør noen del av en attest eller et diplom i betydningen til bokstav b), c), d) eller e), eller en særskilt eksamen uten forutgående opplæring, eller utøvelse av yrket på heltid i en medlemsstat i tre sammenhengende år eller av tilsvarende varighet på deltid i løpet av de siste ti årene, eller».

Departementet gav i høyringsnotatet uttrykk for at Noreg må godkjenne inkassokvalifikasjoner frå andre EØS-statar også etter det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet:

«Justisdepartementet har vurdert forholdet mellom reglane i inkassolova om inkassoløype og etableringsreglane i parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF. Departementet legg til grunn at løype til å drive oppkjøp og inndrivning av pengekrav for eiga rekning heller ikkje er omfatta av det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Det blir derfor ikkje gjort framlegg om endringar i reglane for oppkjøpsinkasso.

Justisdepartementet har vidare vurdert forholdet mellom reglane i inkassolova om framandinkasso og det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Departementet har kome til at løype til å drive inn pengekrav for andre er omfatta av parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF, jf. direktivet artikkel 13 og artikkel 3 nr. 1 bokstav a og b, jf. også artikkel 11 bokstav a (i).

Departementet ser det slik at løype til å drive inn pengekrav for andre utgjør ein profe-

sjonell kvalifikasjon etter direktivet, jf. artikkel 13 og artikkel 3 nr. 1 bokstav b, jf. også artikkel 11 bokstav a (i) siste alternativ. Departementet meiner følgjeleg at framandinkasso utgjør ei regulert verksemd etter direktivet, jf. artikkel 13 og artikkel 3 nr. 1 bokstav a. Departementet viser til grunngivinga i punkt 3.1 ovanfor.

Justisdepartementet legg etter dette til grunn at Noreg er må godkjenne inkassokvalifikasjoner frå andre EØS-statar også etter det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Dette inneber at ein utanlandsk EØS-statsborgar skal tildele inkassoløype, dersom søkjaren dokumenterer yrkeskvalifikasjoner i samsvar med artikkel 13 i direktivet. Kravet i inkassolova § 5 andre ledd andre punktum om minst tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav kan heller ikkje etter det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet oppretthaldast overfor statsborgarar frå andre EØS-statar.»

Departementet foreslo å gjennomføre endringane i reglane om inkassoløype i inkassolova, og ikkje i forskrift. Om dette heiter det i høyringsnotatet:

«Justisdepartementet har vurdert ulike alternativ for gjennomføring i norsk rett av våre EØS-rettslege skyldnader. Departementet har for det første vurdert om særlege reglar for inkassoløype til utanlandske søkjarar frå EØS bør takast inn i ei forskrift, til dømes i forskrift 14. juli 1989 nr. 562 til inkassoloven m.m. (inkassoforskriften). Ei slik løysing vil hindre at inkassolova § 5 blir ytterlegare komplisert. Departementet har likevel kome til at det gir best samanheng i rettsreglane og best oversikt for potensielle søkjarar om alle grunnvilkåra for å få inkassoløype følgjer av lovteksten uavhengig av kvar den aktuelle søkjaren kjem frå. Departementet foreslår derfor å gjennomføre dei nødvendige endringane i inkassolova, og ikkje i inkassoforskrifta.»

Departementet meinte også at unntaket frå kravet om minst tre års praktisk erfaring for utanlandske søkjarar frå EØS burde gjerast avhengig av at søkjaren dokumenterer yrkeskvalifikasjoner frå ein annan EØS-stat i samsvar med det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet 2005/36/EF. Vidare heiter det i høyringsnotatet:

«I denne samanhengen har departementet vurdert om ein slik regel bør givast ved attgiving av innhaldet i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 og 2, ved tilvising til føresegna eller ved ein kombinasjon av tilvising til føresegna og attgiving av hovudvilkåra knytt til dokumentasjon av yrkeskvalifikasjoner frå ein annan EØS-stat. Justisdepartementet meiner at det kan vere

ønskeleg i størst mogleg mon å attgi innhaldet i kravet i direktivet til dokumentasjon av yrkeskvalifikasjonar. Dette vil best ivareta informasjonsbehovet til potensielle søkjarar. Informasjonsomsynet må vegast mot omsynet til ein retts teknisk enkel lovregel. Det må også takast omsyn til at yrkeskvalifikasjonskrava for søkjarar frå andre EØS-statar skal innpassast i ein eksisterande paragraf om vilkår for inkassoløype. Justisdepartementets førebelse oppfatning er at dei ulike omsyna best blir ivaretatt ved ein gjennomføringsregel som kombinerer tilvising til direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 og 2 med attgiving av hovudvilkåra knytt til dokumentasjon av yrkeskvalifikasjonar frå andre EØS-statar.»

Departementet la etter dette fram eit forslag til nytt tredje og fjerde punktum i inkassolova § 5 andre ledd. Forslaget gjekk ut på at det for løyve til framandinkasso blir gjort unntak frå kravet om at den faktiske leiaren må ha minst tre års praktisk erfaring med inndriving av pengekrav i løpet av dei siste ti åra. Unntaksregelen skulle etter forslaget berre gjelde for utanlandske søkjarar frå EØS. Føresetnaden for at praksiskravet ikkje skulle gjelde, var at søkjaren dokumenterer yrkeskvalifikasjonar frå ein annan EØS-stat som nemnt i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2.

3.3 Høyringsfråsegnene

Ingen av høyringsinstansane går imot at inkassolova § 5 blir endra slik at ein godkjenner inkassokvalifikasjonar frå andre EØS-statar.

Barne- og likestillingsdepartementet legg vekt på at det høve forbrukaren har til nemndhandsaming av inkassotvistar ikkje blir innskrenka.

Kunnskapsdepartementet har følgjande merkningar til framlegget:

«JD foreslår at reglane skal gjelde for utanlandske søkarar frå EØS. KD vil nemne at direktivet også gjeld for norske statsborgarar med utdanning og/eller praksis frå ein annan EØS-stat. Dette har EF-domstolen avgjort, bl.a. i sak C-19/92 Kraus.

[...]

KD foreslår følgjande tekst til § 5:

'Kravet om tre års praktisk erfaring med inndriving av pengekrav gjelder ikke for EØS-statsborgere som har kvalifikasjonsbevis fra en annen EØS-stat som nevnt i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2.'

Den Norske Advokatforening uttaler om forslaget at dette inneber «hensiktsmessige endringer som på en tilfredsstillende måte møter de forpliktelser Norge har i forhold til EØS-avtalen».

Norsk Egeninkassoforening uttaler om framlegget til endring av inkassolova:

«Den juridiske og prinsipielle siden av selve forslaget har Norsk egeninkassoforening ingen innvendinger imot.»

Foreininga tek så opp eit spørsmål som ikkje er drøfta i høyringsnotatet:

«Etter foreningens mening bør dagens ordning både for nordmenn og EU-borgere utvides med et krav til en eller annen form for skriftlig prøve, som viser at kandidaten kjenner til inkassoloven og forskriftene, og herunder forskjellen på egeninkasso og fremmedinkasso.

[...]

Hvis departementet finner forslaget om en skriftlig prøve uhensiktsmessig og uaktuelt, ber vi inntregende om at det i stedet sørges for at alle bevillingshavere mottar et dokument hvor forskjellen på egeninkasso og fremmedinkasso er beskrevet.»

3.4 Departementet sitt syn

Justisdepartementet foreslår å følgje opp forslaget i høyringsbrevet om å endre inkassolova § 5 ved tilføyning av nytt tredje og fjerde punktum i § 5 andre ledd, og med det gjere unntak frå kravet om tre års praktisk erfaring med inndriving av pengekrav. Når det gjeld bakgrunnen for lovframlegget og vurderinga av forholdet mellom inkassolova og EØS-retten, viser departementet til drøftinga i høyringsnotatet, sjå punkt 3.2 ovanfor.

Høvet til nemndhandsaming er ikkje omfatta av forslaget til endring av inkassolova, sjå merknaden frå *Barne- og likestillingsdepartementet*.

Kunnskapsdepartementet har peikt på at direktiva òg gjeld for norske statsborgarar med utdanning eller praksis frå ein annan EØS-stat. *Justisdepartementet* er samd i denne forståinga av direktiva, og gjer framlegg om at unntaket frå kravet om tre års praktisk erfaring med inndriving av pengekrav skal gjelde for alle EØS-statsborgarar, uavhengig av om desse er norske eller utanlandske, dersom dei har kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat. Sjø nærare nedanfor i framlegget til § 5 andre ledd nytt tredje punktum og merknaden til denne.

Det følgjer av direktiv 2005/36/EF artikkel 2 nr. 1 at direktivet rettar seg mot statsborgarar i medlemsstatane. Ettersom direktivet er innlemma i EØS-avtalen, inneber dette at direktivet gjeld for statsborgarar i alle EØS-statane. Utgangspunktet er såleis at direktivet ikkje gjeld for statsborgarar frå land utanfor EØS. I EU gjeld direktivet likevel for statsborgarar frå tredjeland i den mon dei fyller

vilkåra i rådsdirektiv 2003/109/EF om statsborgarar frå tredjeland sin status som fastbuande utlending eller europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/38/EF om retten for unionsborgarar og deira familiemedlemmar til å ferdest og opphalde seg fritt på området til medlemsstatane. Dersom eit av eller begge dei to nemnte direktiva blir innlemma i EØS-avtalen, vil tilsvarende gjelde i EØS.

Av direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 andre ledd bokstav a og nr. 2 andre ledd bokstav a følgjer at kvalifikasjonsbeviset må vere utferda av ei kompetent styresmakt i ein EØS-stat. Utgangspunktet er altså at søkjaren må ha kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat. For søkjarar som har kvalifikasjonsbevis frå eit tredjeland, følgjer det likevel av artikkel 3 nr. 3 at bevis for formelle kvalifikasjonar som er utferda i eit slikt land, skal reknast som bevis for formelle kvalifikasjonar, dersom innehavaren har tre års erfaring med inkassoverksemd frå den EØS-staten som har godkjent beviset som grunnlag for slik verksemd etter reglane i artikkel 2 nr. 2.

Departementet gjer på bakgrunn av dette framlegg om at § 5 andre ledd får eit nytt femte punktum som gir heimel for at Kongen i forskrift kan fastsetje at tredje og fjerde punktum om unntak frå kravet om tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav skal gjelde tilsvarende for borgarar frå statar utanfor EØS og for søkjarar som har kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS. Bakgrunnen er omsynet til EØS-retten som nemnt ovanfor.

For vurderinga av ulike alternativ for gjennomføring i norsk rett av våre EØS-rettslege skyldnader, viser departementet til drøftinga i høyringsnotatet, jf. ovanfor i kapittel 3.2. Departementet ser det slik at særlege unntaksreglar for borgarar frå statar utanfor EØS og for søkjarar som har kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS, bør takast inn i ei forskrift, til dømes i forskrift 14. juli 1989 nr. 562 til inkassoloven m.m. (inkassoforskriften). Ei slik løysing vil gjere det unødvendig med ei ny lovending om det seinare viser seg at det strengst unntaksreglar også for borgarar frå statar utanfor EØS. I tillegg hindrar ei slik løysing at inkassolova § 5 blir meir komplisert. Departementet har lagt vekt på å utforme lovheimelen slik at den gir moglege søkjarar tilstrekkeleg informasjon om kva slags reglar som finst i forskrifta.

Framlegget frå *Norsk Egeninkassoforening* om eit krav om skriftleg prøve, alternativt om utsending av informasjonsskriv til løyvehavarane, fell utanfor rammene for dette lovarbeidet.

4 Heimel til å gi forskrift om mellombels utøving av inkassoverksemd

4.1 Gjeldande rett

For at inkassoverksemd skal kunne drivast i Noreg, er det krav om at foretaket er registrert i Foretaksregisteret, og at foretaket har inkassoløyve, jf. inkassolova § 4 første ledd. Verksemd som går ut på å drive inn forfalne pengekrav for andre (framandinkasso), kan likevel også drivast i medhald av norsk advokatløyve, jf. inkassolova § 4 tredje ledd. Verksemd som går ut på oppkjøp og eiga inndrivning av forfalne pengekrav (oppkjøpsinkasso), kan også drivast av institusjonar som har rett til å drive finansieringsverksemd etter lov 10. juni 1988 nr. 40 om finansieringsvirksomhet og finansinstitusjoner (finansieringsvirksomhetsloven), jf. inkassolova § 4 fjerde ledd.

Inkassolova skil ikkje mellom permanent og mellombels utøving av verksemda på same måte som direktiv 2005/36/EF gjer. Dersom ein aktør frå ein annan EØS-stat driv med ervervsmessig inndrivning av forfalne pengekrav for andre, gjeld vilkåra i inkassolova for å drive inkassoverksemd sjølv om aktøren berre ønskjer å tilby sine tenester mellombels i Noreg. Dette inneber m.a. at foretaket må vere registrert i Foretaksregisteret og ha norsk inkassoløyve.

4.2 Forslaget i høyringsnotatet

Det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet (2005/36/EF) har, i tillegg til reglane om etableringsfridom, særlege reglar om mellombels tilbod eller utøving av teneste i ein annan EØS-stat. Artikkel 5 i direktivet lyder slik:

«Prinsippet om fri ytelse av tenester

1. Uten at det berører de særlege bestemmelsene i fellesskapsretten og artikkel 6 og 7 i dette direktiv, skal medlemsstatene ikke, av noen grunn knyttet til yrkeskvalifikasjoner, begrense den frie ytelsen av tenester i en annen medlemsstat
 - a) dersom tjenesteyteren er lovlig etablert i en medlemsstat med det formål å utøve det samme yrket der (heretter kalt «etableringsstaten»), og
 - b) der tjenesteyteren flytter, dersom denne har utøvd nevnte yrke i etableringsstaten i minst to år i løpet av de siste ti år før ytelsen av tjenestene og yrket ikke har vært lovregulert i denne medlemsstaten. Vilåret om to års utøvelse kommer ikke til anvendelse når enten yrket eller

utdanningen og opplæringen som fører fram til yrket, er lovregulert.

2. Bestemmelsene i denne avdeling kommer bare til anvendelse der tjenesteyteren flytter til territoriet til vertsstaten for der å utøve, på midlertidig og tilfeldig grunnlag, det yrket som er nevnt i nr. 1.

Tjenesteytelsens midlertidige og tilfeldige art skal vurderes fra sak til sak, særlig i forhold til ytelsens varighet, hyppighet, regelmessighet og kontinuitet.

3. Når en tjenesteyter flytter, skal denne være underlagt de regler som gjelder yrket av faglig, lovgivningsmessig eller administrativ art som er direkte knyttet til yrkeskvalifikasjoner, som for eksempel definisjon av yrket, bruken av titler og alvorlig yrkesmessig forsømmelse som er direkte og i særlig grad knyttet til forbrukervern og sikkerhet, samt disiplinærbestemmelser som kommer til anvendelse i vertsstaten overfor fagfolk som utøver det samme yrket i denne medlemsstaten.»

Artikkel 5 må sjåast i samanheng med artikkel

7. Artikkel 7 nr. 1 og 2 lyder slik:

«Erklæring som skal avgis på forhånd dersom tjenesteyteren flytter

1. Medlemsstatene kan kreve at i de tilfeller der tjenesteyteren først flytter fra én medlemsstat til en annen for å yte tjenester, skal tjenesteyteren informere vedkommende myndighet i vertsstaten om dette i form av en skriftlig erklæring på forhånd, inkludert detaljer vedrørende en eventuell forsikringsdekning eller andre former for personlig eller kollektiv beskyttelse med hensyn til yrkesansvar. En slik erklæring skal fornyes hvert år dersom tjenesteyteren har til hensikt å yte midlertidige eller tilfeldige tjenester i den aktuelle medlemsstaten i løpet av året. Tjenesteyteren kan selv velge hvordan denne erklæringen meddeles.
2. Første gang tjenestene ytes, eller dersom det foreligger en vesentlig endring av de forhold som omhandles av dokumentene, kan medlemsstatene dessuten kreve at erklæringen ledsages av følgende dokumenter:
 - a) Bevis på tjenesteyterens nasjonalitet.
 - b) En bevitnelse som bekrefter at innehaveren er lovlig etablert i en medlemsstat med det formål å utøve den aktuelle virksomheten samt at tjenesteyteren ikke er forbudt å praktisere, også eventuelt midlertidig, på den tiden bevitnelsen innsendes.
 - c) Kvalifikasjonsbevis.

- d) For tilfeller nevnt i artikkel 5 nr. 1 bokstav b), alle former for dokumentasjon på at tjenesteyteren har utøvd den aktuelle virksomheten i minst to år i løpet av de siste ti årene.
- e) For yrker innenfor sikkerhetsbransjen, der medlemsstaten krever dette for egne borgere, dokumentasjon på at utøveren ikke er dømt for noe straffbart forhold.»

I høyringsnotatet vurderte departementet forholdet mellom dei norske reglane og EU-direktivet. Departementet la til grunn at Noreg etter direktivet er forplikta til å opne for mellombels utøving av inkassoverksemd. Det heiter i høyringsnotatet:

«Departementet går ut frå at verksemd som går ut på inndriving av forfalne pengekrav for andre (jf. inkassolova § 2 første ledd første punktum), er omfatta av det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet. Direktivet er på dette punktet generelt utforma, jf. formuleringa «services» i artikkel 5 nr. 1. Justisdepartementet er i tvil om i kva mon reglane i direktivet om fridom til å tilby teneste vil vere praktiske for inkassoverksemd. Departementet viser til at reglane føreset at inkassatoren fysisk flyttar seg til Noreg for mellombels og sporadisk å drive inkassoverksemd her, jf. direktivet artikkel 5 nr. 2.

Justisdepartementet legg likevel til grunn at Noreg er forplikta til å opne for mellombels utøving av inkassoverksemd etter reglane i parlaments- og rådsdirektiv 2005/36/EF kapittel II. Dette inneber at ein inkassator frå ein annan EØS-stat ikkje under tilvising til manglande yrkeskvalifikasjonar kan nektast å kome til Noreg og mellombels utøve framandinkasso her. Føresetnaden er at inkassoforetaket er rettsleg etablert i ein EØS-stat med sikte på å drive inkassoverksemd der, jf. artikkel 5 nr. 1 bokstav a. Dersom verken inkassoverksemd eller opplæring i slik verksemd er lovregulert i etableringsstaten, er føresetnaden at inkassator har drive inkassoverksemd i minst to av dei siste ti åra i denne staten, jf. artikkel 5 nr. 1 bokstav b. Noreg kan stille fleire vilkår ved førsteongs utøving av inkassoverksemd her, jf. artikkel 7 nr. 1 og 2. Kravet i inkassolova § 4 første ledd om inkassoløype som vilkår for å drive inkassoverksemd, kan etter dette ikkje oppretthaldast fullt ut overfor utanlandske EØS-statsborgarar.»

Departementet foreslo at dei nye reglane om vilkår for å drive inkassoverksemd som følgje av reglane om mellombels utøving av teneste i det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet 2005/36/EF kapittel II, blir tatt inn i ei forskrift:

«Justisdepartementet har også her vurdert ulike alternativ for gjennomføring av EØS-reglane i norsk rett. Departementet har vurdert om reglar om mellombels utøving av inkassoverksemd bør takast inn i inkassolova eller fastsetjast ved forskrift. Det siste alternativet føreset at det blir gitt ein forskriftsheimel for slike reglar. Justisdepartementet har kome til at det er mest tenleg å foreslå ein heimel for å gi forskrifter om mellombels inkassoverksemd. Dei nærmare reglane om mellombels utøving av inkassoverksemd i Noreg for utanlandske inkassoforetak frå EØS, vil då kunne fastsetjast i forskrift 14. juli 1989 nr. 562 til inkassoloven m.m. (inkassoforskriften).

Departementet viser til at det nye yrkeskvalifikasjonsdirektivet systematisk skil mellom mellombels utøving av teneste og godkjenning av yrkeskvalifikasjonar i samband med etablering av verksemd. Ettersom reglane i inkassolova om inkassoverksemd og inkassoløve regulerer høvet til å etablere inkassoverksemd, er det etter Justisdepartementets førebelse oppfatning ikkje formålstenleg å gi reglar om mellombels inkassoverksemd saman med dei eksisterande lovreglane. Departementet er i tvil om i kva mon reglane i direktivet om mellombels utøving av teneste er praktiske for inkassoverksemd, jf. det som er sagt om dette ovanfor i punkt 3.2.2. Også dette kan tale for at eventuelle reglar om mellombels inkassoverksemd blir plassert i inkassoforskrifta, og ikkje i inkassolova. Vidare taler omsynet til ein oversiktleg og retts teknisk enkel lovtekst for ei slik løysing. Reglane om mellombels utøving av teneste i direktivet kapittel II er detaljerte og gir høve til å stille opp ei rekke ulike vilkår for at slik mellombels tenesteutøving skal godkjennast.»

Departementet foreslo etter dette ei endring av § 4 i inkassolova ved at det i § 4 første ledd om inkassoløve og registrering i Foretaksregisteret som vilkår for å drive inkassoverksemd, vart føyd til ei tilvising til eit nytt femte ledd. Saman med forslaget til eit nytt femte ledd innebar dette at inkassoverksemd også kan drivast mellombels i den mon dette følgjer av forskrift. I femte ledd vart det gitt heimel for Kongen til å gi nærare reglar om slik mellombels utøving av inkassoverksemd.

4.3 Høyringsfråsegnene

Ingen av høyringsinstansane går imot at inkassolova § 4 blir endra ved tilføyning i første ledd av ei tilvising til femte ledd og ved at det nye femte ledd får ein forskriftsheimel om mellombels utøving av framandinkassoverksemd i Noreg.

Kunnskapsdepartementet uttalte til dette framlegget:

«JD foreslår at reglane skal gjelde for utanlandske søkarar frå EØS. KD vil nemne at direktivet også gjeld for norske statsborgarar med utdanning og/eller praksis frå ein annan EØS-stat. Dette har EF-domstolen avgjort, bl.a. i sak C-19/92 Kraus.

[...]

KD er enig med JD at det kan vere vanskelig å sjå i kva mon mellombels utøving av teneste er praktisk for inkassoverksemd og at nærmare regler for slik verksemd bør plasserast i ei forskrift. Etter artikkel 7 i direktiv 2005/36/EF kan godkjenningssystemene krevja ulik type dokumentasjon av søkar. Kva for ein dokumentasjon som er aktuelt å krevja må regelfestest. Det er også av den grunn naturleg å utarbeide ei forskrift.»

4.4 Departementet sitt syn

Justisdepartementet foreslår i tråd med forslaget i høyringsnotatet å endre inkassolova § 4 ved å føye til ei tilvising til femte ledd i første ledd og eit nytt femte ledd med heimel til å gi forskrift om mellombels utøving av inkassoverksemd. Bakgrunnen for lovframlegget og vurderinga av forholdet mellom inkassolova og EØS-retten er det gjort greie for i høyringsnotatet, sjå punkt 4.2 ovanfor.

Kunnskapsdepartementet har peikt på at direktiva òg gjeld for norske statsborgarar med utdanning eller praksis frå ein annan EØS-stat. *Justisdepartementet* er som nemnt i kapittel 3.4, samd i denne forståinga av direktiva, og gjer framlegg om at forskriftsheimelen på dette punktet får eit noko vidare verkeområde. Etter dette vil forskriftsheimelen gjelde for alle EØS-statsborgarar, uavhengig av om dei er norske eller utanlandske, under føresetnad av at dei er rettsleg etablert i ein EØS-stat med sikte på å drive inkassoverksemd der.

Justisdepartementet meiner at også andre forhold taler for å gjere ordlyden på dette punktet noko vidare enn i framlegget til § 4 nytt femte ledd i høyringsnotatet. Som nemnt ovanfor i kapittel 3.4, kan ei innlemming i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2003/109/EF og europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/38/EF innebære at direktiv 2005/36/EF vil kunne omfatte statsborgarar også frå land utanfor EØS. Departementet foreslår på bakgrunn av dette å ikkje avgrense forskriftsheimelen til å gjelde mellombels inkassoverksemd av personar frå eller med statsborgarskap i EØS-statar.

Departementet foreslår formuleringa «personer som er lovlig etablert i en EØS-stat med sikte

på å drive slik inkassovirksomhet der». Denne formuleringa er tilpassa vurderingsemnet i direktivet og skulle vere tilstrekkeleg vidtrekkande. Sjå nærare nedanfor i framlegget til § 4 nytt femte ledd og merknaden til denne føreseigna.

Departementet gjer etter dette framlegg om endring i § 4 første ledd og tilføyning av eit nytt femte ledd som gir heimel for at det i forskrift kan fastsetjast reglar for mellombels utøving av framandinkassoverksemd av personar som er rettsleg etablert i ein EØS-stat med sikte på å drive inkassoverksemd der.

For vurderinga av ulike alternativ for gjennomføringa i norsk rett av dei aktuelle EØS-rettslege skyldnadene, viser departementet til drøftinga i høyringsnotatet, jf. ovanfor i kapittel 4.2. Departementet har også her lagt vekt på å utforme lovheimelen slik at den gir moglege søkjarar tilstrekkeleg informasjon om kva slags reglar som finst i forskrifta.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Departementet kan ikkje sjå at forslaget om å endre inkassolova §§ 4 og 5 vil få nemnande økonomiske eller administrative konsekvensar for det offentlege. Forslaget inneber at det blir lettare for inkassoforetak frå andre EØS-statar å få norsk inkassoløyve. Dette kan ha ein gunstig konkurransemessig effekt. Justisdepartementet ser det likevel ikkje som sannsynleg at mange utanlandske inkassoforetak vil starte å tilby sine tenester i Noreg som følgje av lovendringa. Departementet viser i denne samanhengen til at utanlandske inkassoforetak allereie etter gjeldande reglar kan tilby sine tenester i Noreg, og til at lovendringa her berre gjeld yrkeskvalifikasjonsvilkåra for å få inkassoløyve i Noreg. Det er derfor ikkje grunn til å tru at lovforslaget vil føre til nemnande meirarbeid for Kredittilsynet, som er tilsynsorgan på området.

6 Merknader til lovforslaget

Til § 4

Paragraf 4 første ledd blir endra ved tilføyning av tilvising til eit nytt femte ledd. Frå føreseigna i § 4 første ledd om at inkassoverksemd berre kan drivast av foretak som er registrerte i Foretaksregisteret og som har inkassoløyve, er det etter dette unntak

i § 4 tredje til femte ledd. Tilvisinga inneber saman med forslaget til eit nytt femte ledd at inkassoverksemd også kan drivast mellombels i den mon dette følgjer av forskrift. Dette medfører at slik mellombels inkasso kan drivast i Noreg utan at det er krav om inkassoløyve og registrering i Foretaksregisteret.

Paragraf 4 nytt femte ledd gir lovheimel for at det i forskrift kan fastsetjast reglar om at framandinkassoverksemd også kan drivast mellombels av personar som er rettsleg etablert i ein EØS-stat med sikte på å drive inkassoverksemd der. Omgrepet personar femner om både fysiske personar og foretak. Heimelen omfattar òg nærmare reglar om mellombels utøving av slik inkassoverksemd. Dei nærmare vilkåra for mellombels utøving av inkassoverksemd i Noreg for personar som nemnt, må fastsetjast i forskrift.

Til § 5

Paragraf 5 andre ledd nytt tredje punktum inneber at kravet om tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav ikkje gjeld for EØS-statsborgarar som har kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat som nemnt i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2.

Unntaket er avgrensa til å gjelde for EØS-statsborgarar. Dette omfattar både norske og utanlandske EØS-statsborgarar. Unntaket er vidare avgrensa til personar som har kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat. Dette inneber at kvalifikasjonsbeviset må vere utferda av ei kompetent styresmakt i ein annan EØS-stat, jf. nedanfor.

I tillegg er det eit krav at kvalifikasjonsbeviset fyller vilkåra i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2. Når det gjeld kvalifikasjonsbevis etter artikkel 13 nr. 1, er det eit krav at søkjaren må kunne leggje fram eit kvalifikasjonsbevis – anten eit kompetansebevis eller eit anna bevis for formelle kvalifikasjonar – som er påkravd i ein annan EØS-stat for utøving av inkassoverksemd der, jf. artikkel 13 nr. 1 første ledd. Dette alternativet er derfor særleg praktisk der inkassoverksemd er lovregulert i heimstaten til søkjaren, og søkjaren har kvalifikasjonsbevis derfrå.

Kvalifikasjonsbeviset må vere utferda av ei kompetent styresmakt i ein EØS-stat, jf. artikkel 13 nr. 1 andre ledd bokstav a. Kvalifikasjonsbeviset må i tillegg stadfeste profesjonelle kvalifikasjonar som minst svarer til nivået under dei kvalifikasjonane som krevst i Noreg, jf. nr. 1 andre ledd bokstav b. Det siste må sjåast i samheng med artikkel 11, som inneheld ulike nivå av profesjonelle kvalifikasjonar. Løyve til å drive inn pengekrav for

andre utgjer som nemnt kompetansebevis etter direktivet, jf. artikkel 11 bokstav a (i) siste alternativ. Sidan kompetansebevis er det lågaste kvalifikasjonsnivået direktivet opererer med, vil alle kompetansebevis eller bevis for formelle kvalifikasjonar i form av sertifikat eller diplom, vere tilstrekkelege. Det siste vilkåret har dermed ingen sjølvstendig relevans her.

Framlegging av kvalifikasjonsbevis etter artikkel 13 nr. 2 er særleg praktisk der inkassoverksemd ikkje er lovregulert i heimstaten til søkjaren, men der søkjaren likevel har kvalifikasjonsbevis derfrå. Også her er det eit krav at søkjaren kan leggje fram kvalifikasjonsbevis i form av eit kompetansebevis eller eit anna bevis for formelle kvalifikasjonar, jf. artikkel 13 nr. 2 første ledd.

Kvalifikasjonsbeviset må også her vere utferda av ei kompetent styresmakt i ein EØS-stat, jf. artikkel 13 nr. 2 andre ledd bokstav a. Kvalifikasjonsbeviset må på same måte stadfeste kvalifikasjonar minst tilsvarende nivået under det som krevst i Noreg, jf. nr. 2 andre ledd bokstav b. Som nemnt vil likevel alle kompetansebevis eller bevis for formelle kvalifikasjonar i form av sertifikat eller diplom vere tilstrekkelege. Kvalifikasjonsbeviset må i tillegg stadfeste at innehavaren er blitt førebudd på å drive inkassoverksemd, jf. nr. 2 andre ledd bokstav c.

Paragraf 5 andre ledd nytt fjerde punktum inneber at dersom kvalifikasjonsbeviset ikkje er lovregulert i den andre EØS-staten, må søkjaren i tillegg ha drive inkassoverksemd på heiltid i minst to år i løpet av dei siste ti åra i ein annan EØS-stat. Bakgrunnen for dette praksiskravet er direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 2 første og tredje ledd, som opnar for å stille eit slikt krav i visse situasjonar. Dersom søkjaren ikkje legg fram bevis for formelle kvalifikasjonar som dokumenterer gjennomført lovregulert utdanning og trening som nemnt i

artikkel 3 nr. 1 bokstav e, på eit kvalifikasjonsnivå som nemnt i artikkel 11 bokstav b, c, d eller e, krevst at søkjaren har praktisk erfaring frå inkassoverksemd som nemnt.

Paragraf 5 andre ledd nytt femte punktum gir heimel for at Kongen i forskrift kan fastsetje at tredje og fjerde punktum om unntak frå kravet om tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav, skal gjelde tilsvarende for borgarar frå statar utanfor EØS og for søkjarar som har kvalifikasjonsbevis frå land utanfor EØS.

For statsborgarar frå land utanfor EØS kan slike reglar bli naudsynte ved ei eventuell framtidig innlemming i EØS-avtalen av rådsdirektiv 2003/109/EF om statsborgarar frå tredjeland sin status som fastbuande utlending eller europaparlaments- og rådsdirektiv 2004/38/EF om retten for unionsborgarar og deira familiemedlemmar til å ferdast og opphalde seg fritt på området til medlemsstatane.

For søkjarar som har kvalifikasjonsbevis frå eit tredjeland, følgjer det allereie av direktiv 2005/36/EF artikkel 3 nr. 3 at bevis for formelle kvalifikasjonar som er utferda i eit slikt land, skal reknast som eit bevis for formelle kvalifikasjonar, dersom innehavaren har tre års erfaring med inkassoverksemd frå den EØS-staten som har godkjent beviset som grunnlag for slik verksemd etter reglane i artikkel 2 nr. 2.

Justis- og politidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om lov om endringar i inkassolova (godkjenning av kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat m.m.).

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i inkassolova (godkjenning av kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat m.m.) i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til lov om endringer i inkassolova (godkjenning av kvalifikasjonsbevis frå ein annan EØS-stat m.m.)

I

Lov 13. mai 1988 nr. 26 om inkassovirksomhet og annen inndrivning av forfalte pengekrav (inkassoloven) blir endra slik:

§ 4 første ledd skal lyde:

Inkassovirksomhet kan bare drives av foretak som er registrert i Foretaksregisteret og har bevilgning, hvis ikke annet følger av tredje til femte ledd.

§ 4 nytt femte ledd skal lyde:

Kongen kan i forskrift gi regler om at inkassovirksomhet som gjelder ervervsmessig eller stadig inndrivning av forfalte pengekrav for andre, også kan drives midlertidig av personer som er lovlig etablert i en EØS-stat med sikte på å drive slik inkassovirksomhet der, og kan gi nærmere regler om midlertidig utøvelse av slik inkassovirksomhet.

§ 5 andre ledd nytt tredje til femte punktum skal lyde:

Kravet om tre års praktisk erfaring med inndrivning av pengekrav gjelder ikke for EØS-statsborgere som har kvalifikasjonsbevis fra en annen EØS-stat som nevnt i direktiv 2005/36/EF artikkel 13 nr. 1 eller nr. 2. Dersom kvalifikasjonsbeviset ikke er lovregulert i den andre EØS-staten, må søkeren i tillegg ha drevet inkassovirksomhet på heltid i minst to år i løpet av de siste ti årene i en annen EØS-stat. Kongen kan i forskrift fastsette at tredje og fjerde punktum skal gjelde tilsvarende for borgere fra stater utenfor EØS og for søkere som har kvalifikasjonsbevis fra land utenfor EØS.

II

Lova tek til å gjelde frå den tid Kongen fastset.